

AVTALE OM UTPLASSERING AV ELEV I BEDRIFT

	Namn	Telefon/Mobil	E-post
Bedrift			
Organisasjonsnummer til bedrifta			
Dagleg leiar			
Kontaktperson bedrift			
Rektor			
Kontaktperson skule			
Elev			
Føresett			
Tidsrom - dag/dagar			
Status forsikring jf. punkt 5 under			

1. I utplasseringsperioden har eleven framleis status som elev ved vidaregåande skule, og er underlagd gjeldande skulereglement.
2. **Eleven må ikkje bruke maskiner underlagt sertifisert tryggleiksopplæring** (truck, anleggsmaskiner, kran) utan at det er teikna **fadderavtale** mellom bedrifta og skulen. Forskrift om utførelse av arbeid § 10-3.
3. Eleven skal ha med seg **dokumentasjon på tryggleiksopplæring for arbeidsutstyr som krev særlig forsiktighet ved bruk**, Forskrift om utførelse av arbeid; § 10-1, §10-2. Bedrifta skal syte for utstyrsspesifikk opplæring etter § 10-4. Eleven skal ikkje bruke arbeidsutstyr som krev dokumentert tryggleiksopplæring eventuelt utstyrsspesifikk opplæring utan at opplæring er gitt.
4. Eleven skal ikkje ha utbetalt løn/godtgjersle frå bedrifta for utført arbeid under utplasseringa. Det vert ikkje utbetalt godtgjersle til bedrifta under utplasseringa.
5. Vi gjer merksam på at praksisstaden etter Lov om yrkesskadeforsikring, er ansvarleg for yrkesskadeforsikring. Dersom bedrifta har tilsette vil normalt praksisstaden si yrkesskadeforsikring også dekkje elevar i praksisopplæring. Dei aller fleste bedrifter har forsikringar som omfattar alle arbeidstakarar i verksemda utan å melde inn arbeidstakar sitt namn. Det vil difor ikkje vere nødvendig for bedrifta å teikne eiga forsikring for desse. Sjekk ut at bedrifta har tilstrekkeleg tal arbeidstakarar på sin yrkesskadeforsikring.
For bedrifter som har yrkesskadeforsikring
For yrkesskadeforsikring er det vanleg at bedrifta kan overskride tal arbeidstakarar med 10% i høve talet som er angitt i forsikringsbeviset. Dersom det viser seg at bedrifta ikkje har høve til å ta inn YFF- elevar grunna tal personar i sitt forsikringsbevis, betalar Vestland

fylkeskommune for utviding slik at eleven får gjennomført YFF i bedrifta. Bruk [skjemaet Innmelding for utvida yrkesskadeforsikring i YFF](#).

Innmeldingsskjema skal fyllast ut av skulen og sendast i forkant av utplasseringa. Send gjennom [e-dialog](#) og merk innsendinga med «Andrea Celeste Jensen»

For enkeltmannsføretak

I dei tilfella der praksisstadane ikkje har tilsette, har dei ikkje yrkesskadeforsikring. I desse tilfella må eleven forsikrast på eiga ordning gjennom Vestland fylkeskommune. Bruk [Innmeldingsskjema for enkeltmannsføretak i YFF](#).

Innmeldingsskjema skal fyllast ut av skulen og sendast i forkant av utplasseringa. Send gjennom [e-dialog](#) og merk innsendinga med «Andrea Celeste Jensen»

6. Ved fråvær i utplasseringsperioden skal eleven snarast gi melding til bedrifta og skulen, samt opplyse om årsak.
7. Eleven skal føre arbeidslogg etter kvar økt der bedrifta attesterer. Eleven følgjer arbeidstida til bedrifta.
_____ er ansvarleg for å føre fråvær.
8. Eleven skal ha karakter i faget Yrkesfagleg fordjuping. Vurderinga skal gjennomførast av kontaktperson i bedrift og faglærer på skulen. Faglærer på skulen set karakter i faget.
9. Eventuelle usemje under utplasseringa må straks meldast til skulen, helst til kontaktperson som er bindeleddet mellom bedrifta og skulen.

Stad, dato: _____

Underskrift for skulen: _____

Underskrift for elev: _____

Stad, dato: _____

Underskrift for bedrifta _____